



Fylkesmannen Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15600 - 21/494

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
05.01.2021

Vedtak til klagevurdering - gbnr 502/46 Valdersnes

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 502/46
Tiltakshavar: Sveinung Skjelvik
Ansvarleg søkjar: Sveinung Skjelvik


Saka gjeld søknad om oppføring av basseng med bygd areal (BYA) ca. 18 m², teknisk rom i form av tilbygg til einebustaden med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 1,62 m² og platting med bygd areal (BYA) ca. 62 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 6,28 % BYA.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-område og frå byggjegrænse mot sjøen.

Oppføring av platting krev dispensasjon, men ikkje søknad om tiltak etter plan- og byggningslova §§ 20-1, 20-4. Oppføring av tilbygg –teknisk rom krev ikkje dispensasjon frå føresegn til kommunedelplanen for Radøy.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Radøy er definert som LNF-føremål. Tiltaka kjem i konflikt med avsett byggjegrænse mot sjøen i tillegg.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Delegert handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den 05.01.21, der følgjande vedtak vart fatta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå planføremål LNF-område og frå byggjegrænse mot sjøen for oppføring av basseng og plattning på gbnr 502/46 Valdernes.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av basseng og teknisk rom i form av tilbygg til bustad på gbnr 502/46 på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 02.11.20 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.**
- 3. Det skal monterast vassmålar for vassinntak. Rørleggjar må registrere nummer på vassmålar i kommunen og gi ferdigmelding om installasjonen.**
- 4. Sikring av basseng skal skje i samsvar med PBL §28-6 og TEK17 § 8-3.**
- 5. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve for gråvassutslepp i sak 20/17348 vedtak av 11.11.20 og utførast i samsvar med godkjent VA- situasjonsplan.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 1. Dokumentasjon for montering av vassmålar med målarnummer.**
- 2. Dokumentasjon på sikring av basseng.**

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om gråvassutslepp - gbnr 502/46 Valdernesnes

Dispensasjon LNF og 100m beltet langs sjø

Situasjonsplan

Fasade og planteikning

Fasade- og planteikningar

Løyve til oppføring av basseng med platting og teknisk rom med dispensasjon - gbnr 502/46 Valdernesnes

Teknisk blad/informasjon om bassenget

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 502/46 Valdernesnes

Tilleggsinformasjon til søknaden

Situasjonskart og foto

Kopi til:

Sveinung Skjelvik

Lyngvegen 25

5914

ISDALSTØ

Mottakrar:

Fylkesmannen Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER